

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Teknisk kontor	Møte dato 26.9.78
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 215 bnr. 2 Eidsnes ytre	SAK NR. 550/78
Byggherre/meldar Leiv og Magnus Eidsnes	Adr. 5160 Eikangervåg	
Saka gjeld Frådeling - Holme med påståande hytte til Magnus Eidsnes		
Vedlegg: Søknad om frådeling, datert 21.12.77 kartutsnitt 1:5000 skriv frå Adv. Olav Hatland, datert 21.12.77 Godkj. frå Hordaland landbr.selskap i møte den 16.3.78 Fråsegn frå generalplanutvalet i møte den 25.4.78 Vedtak i bygningsrådet den 30.5.78, sak 258/78 Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret i møte den 30.8.78		
MERKNAD: Leiv og Magnus Eidsnes søkte den 21.12.77 om frådeling av holme med påståande hytte. Hordaland fylkeslandbruksstyre har i møte den 16.3.78 gjeve samtykkje til frådelinga. Generalplanutvalet har i møte den 25.4.78 gjeve følgjande fråsegn: "Generalplanutvalet syner til førre eigaren sitt skriv dagsett 1.12.71, der han skriv: "Hytta skal byggjast og leigast bort som ein lekk i jordbruksnæringa. (med matr. av eigen skog og eigen arbeidsinnsats skulle kostnaden verta låg.) Med di holmen ikkje kan nyttast til jorddyrking eller skogbruk, er dette einaste måten ein kan nytta ut holmen på, som vil gjeva ei ekstra-inntekt og muligheiter for fortsatt drift og levelege kår av jordbruksnæringa." Byggjeløyve vart gjeve under føresetnad av at holmen ikkje skulle delast frå hovudbruket. Generalplanutvalet rår frå at det vert gjeve unntak frå vedtekt til § 82 i bygningslova for frådeling av den omsøkte holmen." Bygningsrådet hadde saka oppe til handsaming i møte den 30.5.78, sak 258/78, og gjorde der vedtak om å innhenta nærare opplysningar frå fylkeslandbruksstyret, og synte der til generalplanutvalet sitt vedtak i møte den 25.4.78. Fylkeslandbruksstyret har i møte den 30.8.78 gjeve følgjande fråsegn: "Fylkeslandbruksstyret ser det som ei uheldig ordning med sameige når det gjeld gardsbruk, og særleg er ei slik ordning lite ynskjeleg når det gjeld eit så vidt bra bruk som gnr. 215 bnr. 2 i Lindås. Fylkeslandbruksstyret ser det som viktig å få bruket på ei eigarhand, og vil difor oppmoda både generalplanutvalet og bygningsrådet om å godta frådeling av den omsøkte holmen, slik at Leif Eidsnes kan verta eigar av heile gnr. 215 bnr. 2. Fylkeslandbruksstyret held fast på vedtaket om å gje samtykkje ..//..		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til Leiv Eidsnes Magnus Eidsnes Lensmannen	

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Møtestad Teknisk kontor	Møte dato 26.9.78
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 215 bnr. 2 Eidsnes ytre	SAK NR. 550/78
Byggherre/meldar Leiv og Magnus Eidsnes	Adr. 5160 Eikangervåg	
Saka gjeld Frådeling - Holme med påståande hytte til Magnus Eidsnes		
Vedlegg:		
Forts.		
<p>til frådeling av holmen på ca 4,1 da, jfr. §§ 1 og 55 i jordlova frå 18.3.1955.</p> <p>Fylkeslandbruksstyret gjer likevel merksam på at samtykkje til frådelinga er gjeve under den føresetna at så snart frådelinga av holmen er i orden, overdreg Magnus Eidsnes sin part i gnr. 215 bnr. 2 i Lindås til eigaren av resten av gnr. 215 bnr. 2."</p>		
SAMRØYSTES VEDTAK:		
<p>I samsvar med § 63 i bygningslova godkjenner bygningsrådet deling av eigedom i samsvar med søknaden.</p>		

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD



Utskrift sendt til

Leiv Eidsnes
Magnus Eidsnes
Lensmannen